

## Referat campusmøte Stord

**Dato:** 20.02.2023

**Tid:** 13:00-15:00

**Stad:** Bib107 (møterom i biblioteket)

Til stades: Monica W. Nortvedt, Khiem Nguyen, Andrea Grutle, Espen Helvig, Trond Egil Arnesen, Oded Ben-Horin

Forfall: Sigurd Sandvold, Kristina Tolås,

Observatør: John Tveit, Geir Kåre Resaland

### Sakliste:

Sak	Tittel	Ansvarleg	Tidsbruk
1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste	Møteleiar	10 min
2/23	Orientering om og felles forståing av mandat	Møteleiar	15 min
3/23	Campusutviklingsprosjektet. Oppfølgingspunkt for campusmøte	Møteleiar	60 min
4/23	Møteplan 2023	Møteleiar	10 min
5/23	Eventuelt	Møteleiar	10 min

### 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Møtebehandling:

Møteleiar Sigurd Sandvold er sjukemeldt, og har melde forfall til møte. Monica W. Nortvedt leia møte.

Saker meldt til eventuelt:

- Utvikling av studenttal
- Initiativ til historisk prosjekt på campus

#### Vedtak:

Det blei meldt inn to saker til eventuelt. Innkalling og sakliste blei godkjent.

## 2/23 Orientering om og felles forståing av mandat

### Møtebehandling

Møtedeltakarane presenterte seg og sa kort om kva forventningar dei har til arbeidet i campusmøte.

Campusmøte har ikkje ansvar for velferdssaker eller meir driftsmessige og koordinerande saker. Det er grenseoppgang mellom på eine sida administrative, drifts- og arealmessige sida av campusutvikling og på andre sida fagleg utvikling som kan styrkja campus. I rapporten for campusutvikling er det fleire punkt som omhandlar det praktiske og meir driftsmessige sida ved utvikling av campus. Campusmøte kan adressere slike tema eller utfordringar til andre møtefora.

### Vedtak:

Campusmøtet Stord tek mandatet til orientering.

## 3/23 Campusutviklingsprosjektet. Oppfølgingspunkt for campusmøte

### Møtebehandling

Nettsidene har blitt betre siste tida, og er viktige for å fortelja historien om campus Stord. (Det kom fram døme på feil og manglar på nettsida i møte. Dette er no retta opp.)

Campusmøte er samde i at fakulteta med fordel kan samarbeide tettare, og diskuterte på kva område HVL campus Stord kan vera i front. Har me område der me kan ta ei rolle som **best practice**, og bruka det for å tiltrekke oss studentar, tilsette og samarbeidspartnarar. Verdiane til HVL støttar opp om satsing på campus: utfordre, inkludere, samhandle. Korleis skapar me attraktiv campus for studentar? Korleis skapar me attraktiv campus for tilsette?

Eit kjenneteikn på campus Stord er at me er «små». Studentar og tilsette er tett på, og har nærhet til kvarandre. Det ligg store muligheter i å utnytte styrken som ligg i fleksibiliteten i små fagmiljø, og å jobba på tvers av disse. Me kan ta utgangspunkt i FN sine berekraftsmål. Idear som blei foreslått i møte:

- Me treng møteplassar på campus
- Eldre og musikk. Demensomsorg og musikkterapi
- Arrangement på tvers av fakulteta som td Samtidsdagane. Me kan vidareutvikle Samtidsdagane, og kanskje også Sirkulærdagane. Det er relevant for utdanningane på campus. Arbeida for å få til tettare samarbeid med Stord kommune, Stord vgs og Helse Fonna
- Psykisk helse
- Berekraft i offentleg sektor , jf [Helsekommisjonen sin rapport NOU 2023: 4 - Tid for handling](#)
- Barn og unge
- Internasjonalisering – og korleis kan me styrkja dette område på campus?

Me kan sjå på korleis me kan bruka eksisterande arenaer på campus for å diskutere ulike problemstillingar. Studentcampusråd, forskargrupper, personalmøte. Ein ide kan vera å invitere ei (framtidig) studentgruppe som fokusgruppe for å teste ut ideane våre, før iverksetjing.

Me kan sjå på om det finst systematiske oversikter over erfaringar om samarbeid mellom helse- og sosialfaglege utdanningar og lærarutdanning. Og me kan undersøkje kva dei universitet som skårar høgt i rangeringar om berekraft, gjer for å få denne plasseringa. Ulike environmental sustainability rangeringar (delt etter møte):

- [https://www.timeshighereducation.com/impactrankings#!/page/52/length/25/sort/by/rank/sort\\_order/asc/cols/undefined](https://www.timeshighereducation.com/impactrankings#!/page/52/length/25/sort/by/rank/sort_order/asc/cols/undefined)
- <https://www.study.eu/article/the-most-sustainable-universities-in-europe>
- <https://www.topuniversities.com/university-rankings/qs-sustainability-ranking/top-universities-environmental-social-sustainability-2023>

#### Vedtak:

Campusmøte vart einige om å sjå nærmare på korleis me kan løfte opp tematikkar knytt til **berekraft** eller til **barn og unge** fram mot neste møte. Til møte i april er medlemmene i campusmøte oppmoda til å sjå nærare på kva universitet som skårar høgt i rangeringar for berekraft gjer.

### 4/23 Møteplan 2023

Det skal vera tre møte i året, to i vårsemesteret og eit i haustsemesteret.

Det andre møte i 2023 er sett til 27.4. kl 9:00 – 11:00.

#### Møtebehandling

Campusmøte bad sekretær foreslå dato for møte hausten 2023 i innkallinga til neste møte. Campusmøte kan med fordel vera torsdagar.

#### Vedtak:

Campusmøte Stord har desse møtedatoane i 2023: 20.2.23, 27.4.23, og bestemmer dato for siste møte i 2023 på møte i april.

### 5/23 Eventuelt

1. Utvikling av studenttal ved campus Stord som me må ha med oss  
I perioden 2017-2022 har det vore ei negativ utvikling i studenttal.  
Trond Egil Arnesen delte vedlagt oversikt: [2022 1811 registrerte studentar](#)
2. Historisk prosjekt – campus Stord

Lærerutdanninga ved campus Stord er ein av dei eldste i landet med røtter tilbake til 1839. Den historiske dimensjonen er i liten grad brukt ved fagleg utvikling eller profilering. Viktig at me ikkje blir verande i det historiske, og har hovudfokus framover. Det kan likevel vera ein dimensjon som kan vera interessant å med i utviklinga framover.